

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 26.10.2008
Sakhandsamar: Hans K. Stenby
Saka gjeld: **Tilskot til dekning av pensjonskostnader til dei private ideelle institusjonane som har avtale med Helse Vest RHF**

Arkivsak

2006/458/123

Styresak 105/08 B

Styremøte 05.11. 2008

Bakgrunn:

Styret behandla i styresak 41/08 spørsmålet om tilskot til dekning av pensjonskostnader i samband med bestillinga for 2008 for Haraldsplass diakonale sykehus. Det gjaldt også krav frå 2007.

Styret fatta følgjande vedtak:

Helse Vest vil vente på HOD si handtering av pensjonskostnad etter at saka er behandla i revidert nasjonalbudsjett våren 2008, før det blir gitt endeleg tilbakemelding til HDS og dei andre private ideelle verksemdene på kravet om dekning av pensjonskostnader.

I revidert nasjonalbudsjett, St.prp. nr. 59 (2007-2008), blei det foreslått auka midlar til pensjonskostnader i de regionale helseføretaka og private ideelle institusjonar som har avtale med dei regionale helseføretaka for 2008. Det blei ikkje gitt nye midlar til å dekkja pensjonskrav frå 2007.

Kommentarar:

I samband med revidert nasjonalbudsjett for 2008, St.prp. nr. 59 (2007-2008), ble det avsett 3 520 mill. kr knytt til pensjonar. Av desse blei 3 200 mill. kr knytt til auka pensjonspremie for dei regionale helseføretaka og 320 mill. kr til auka pensjonskostnader hos private ideelle institusjonar og andre helseinstitusjonar som dei regionale helseføretak har avtale med.

Det blei ikkje gitt auka midlar til dekning av pensjonskrav frå 2007.

I forslag til statsbudsjett for 2009, St.prp. nr. 1 (2008-2009) blir det foreslått å vidareføre løyvinga frå revidert nasjonalbudsjett 2008 for dei private institusjonane. Det medfør at løyvinga på 320 mill. kr blir foreslått vidareført.

Dersom Stortinget vedtek forslaget vil det såleis bli gitt god dekning av pensjonskostnader i statsbudsjettet knytt til avtalane med dei private institusjonane både i 2008 og 2009.

Helse Vest RHF vil halde seg til dei statlege løyvingane til pensjon.

Forslag til vedtak:

Helse Vest RHF vil yte kompensasjon for meirkostnader til pensjon i dei private institusjonane som Helse Vest har avtale med innafor ramma av dei statlege løyvingane.

Helse Vest finn ikkje å etterkome krav utover det.